



Gla'dag med store smil

Søndag vart årets Gla'dag arrangert i Solevågen. Då fyltest skuleområdet med aktivitetar og anna, her var det noko for alle.

Dette vart verkeleg ein kjekk dag, både for store og små. Fyrst marsjerte Solevåg skulekorps frå Nausthaugen til Solevåg skule, og saman med korpset vart det kortesje med brannbilar og veteranbilar.

Vidare foregjekk resten av aktivitetane og oppleget på skuleområdet, samt inne i Solevågshallen.

Her fekk vi sjå på brannbilen, prøve brannslangen og ikkje minst treffen brannvesenet maskot "Bjørnøis", som hadde med seg gåver til borna.

Det var også veteranbilutstilling, "Wolkwest", samt nybil-utstilling inne i hallen. Andre aktivitetar var bruskasse-

klatring, noko både barn og vaksne ville prøve seg på.

Luftgeværskyting på blink, ansioksmaling, teikning og eventyrlesing med Nina Holstad. Kiosksal med stort utval mat og drikke, kaker og anna godt. Tombolo og lotteri, grillmat og sukkerspinn, varmt og nydeleg vær. Vi fekk høre musikk frå både bornekoret "Blessing", Solevåg skulekorps med aspirantar og Musikklaget Ekko. Det vart også delt ut medaljar til nokre i korpset under musikkinnslaga.

Årets Gla'dag vart verkeleg stor-suksess, utan tvil.

SILJE KRISTIN HAUGEN

